

Fra: Hanne Espe (Hanne.Espe@hfk.no)
Sendt: 20.03.2015 10:20:30
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: 2015/65 tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge
Vedlegg:

Til arkiv

tiltak: Gøydagen 2015 @bremnesil.no
tlf: 41935555

konto: 34920700353

kost

sokjar: Bremnes Idrettslag

orgnr: 871246572

kontakt: Sigve Bråthen

epost: jalle nad: 75000

soknadssum: 30000

andre: Nei

andre2: Nei

skildring: Gøydagen 2015 er planlagt arrangert 05.05.15. Alle 2. klasser (ca. 160 – 170 stk.) får tilbod om å delta. Alt foregår i og rundt området ved Svortland Idrettspark på Bømlo. Det vil vere særskild fokus på at barna skal få prøve seg i litt meir «utradisjonelle» idrettar og øvingar. Ein deler inn i grupper og går deretter mellom ulike aktivitets-stasjonar der fokus er retta mot idrettsglede og det å ha det gøy saman.

Det vert servert oppskåret frukt som elevane kan ete i lag med nistepakken sin.

Aktivitetar me har hatt tidligare er: karate, frisbee, badminton, dans, ballidrett og friidrett. Me ser og på å nytte naturst i som ein aktivitet.

Dagen vert avslutta med felles dans inne i hallen. Dette er gjort før med stor suksess.

maal: Barn i utvikling har behov for, og stor nytte av, å bevege seg å vere i fysisk aktivitet. Det syner seg at det har mykje å seie både for deira motoriske og mentale utvikling, samt for den einskilde si helseutvikling seinare i livet. Det er difor viktig at alle born og unge har lik moglegheit til å velje aktivitet etter det som passar deira interesse og utgangspunkt. Alle er ikkje interessert i, eller ynskjer å spele fotball/håndball, og vi ynskjer å introdusere at det finnes andre tilbod i kommunen. Vi meinat at det er viktig å leggje til rette for at dei unge kan prøve seg i mange ulike idrettar og aktivitetar.

Det er med dette som ståstad vi ynskjer å arrangere Gøydagen i Bømlo kommune. Alle 2. klassane får her prøve seg innan ulike idrettar og aktivitetar. Lag og organisasjonar samarbeidar – felles idrettsglede.

gjennomforing: Skulane på Bømlo ligg spreidd, med store avstandar. Elevane vert køyrd fram og attende mellom skule og Svortland Idrettspark med buss.

Framme ved anlegget går dei saman i grupper, der vil dei få utdelt eit farga armband. Fargen syner kva gruppe den enkelte elev høyrer til. Til kvar gruppe fylgjer to lærarar. I tillegg fylgjer også to ungdomskuleelevar til kvar gruppe. Vi får «låne» elever fra 9.klassetrinn fra Bremnes ungdomskule. Det vert gitt kort informasjon og gruppene går til dei ulike aktivitetane, om lag 20 min, før dei byter stasjon. Instruktøren og dei som fylgjer gruppene har informasjon om kva tid dei skal gå til ny stasjon, og kva tid det er måltid.

Gøydagen er inne som tiltak i handlingsplanen for folkehelse 2015 som kommunestyret har vedtatt. Bømlo kommune har som mål å ha godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag- og organisasjonar, og Gøydagen er eit bidrag til å nå dette målet.

Arbeidet med Gøydagen tidligare år er eit godt grunnlag for at tiltaket kan verte ein tradisjon, det er på plass ein logo for dagen og gode kontaktar for samarbeid er oppretta. Det er eit tett samarbeid med Bømlo kommune jamfør 2. og 9. klasse elevane.

samarbeid: Skulane: Stiller med lærarar frå 2. klasse og elevar ved 9. klassetrinn. Lærarane følgjer gruppene, det same gjør 9. klasse elevane.

Lag og organisasjonar: har ansvar for å lage opplegget for gruppene. Det vil her vere samarbeidsmøte mellom rådgjevar kultur/idrett, folkehelsekoordinator som koordinator for dagen i lag med oss.

spesifiser: